



ÅRSRAPPORT 2018

KLAGENEMNDA VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Innleiing

Klagenemnda si verksemd er heimla i universitets- og høgskulelova (uhl.) § 5-1:

" Universiteter og høyskoler skal opprette en klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak og, etter styrets bestemmelse, andre klagesaker for kandidatene."

Mandat

Klagenemnda sitt mandat er gitt i instruks vedteke av interimsstyret i sak 51/16 (møte 22.12.16).

- «A Klagenemnda behandler og gjør vedtak i klage frå studenter
- a. klage på formell feil ved opptak som ikke skal behandles av Den sentrale klagenemnda i Samordna opptak
 - b. klage på formell feil ved gjennomføring av eksamen, prøve og fremmøtekrav og eksamenssensur
 - c. klage på formell feil ved gjennomføring av praksisstudier
 - d. klage på enkeltvedtak i studieadministrative saker
 - e. annullering av eksamen eller prøve
 - f. utestengning og bortvisning
 - g. utestengning etter skikkethetsvurdering»

Klagenemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som omtala i pkt. e-g over, gjer klagenemnda vedtak med to tredels fleirtal.

Samansetting

Universitets- og høgskulelova § 5-1 pkt. (2) og (3) gjev føringar for samansetting av nemnda:

"(...)

(2) Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikkje være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikkje være medlem av klagenemnda."

I perioden 01.01.18 – 31.08.18 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:

Medlem og personleg varamedlem

Lagdommar Beate Blom (leiar)	Sorenskrivar Håkon Rastum (vara for leiar)
Høgskulelektor Åshild Havnerås	Vara: Førstelektor Heidi Bjørstad
Høgskulelektor Joar Sande	Vara: Førsteamanuensis Per Arne Rød
Torbjørn Tveit (studentrepresentant)	Vara: Morten Nordvik Hovland
Rosmari Grindheim Valdersnes	(studentrepresentant)
(studentrepresentant)	Vara: Hanne Longva (studentrepresentant)

I perioden 01.09.18 – 31.12.18 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:

Medlem og personleg varamedlem

Lagdømmer Beate Blom (leiar) Høgskulelektor Åshild Havnerås Høgskulelektor Joar Sande Henrik Waage Tjore (studentrepresentant) Katrine Lie Strandos (studentrepresentant)	Sorenskrivar Håkon Rastum (vara for leiar) Vara: Førstelektor Heidi Bjørstad Vara: Førsteamanuensis Per Arne Rød Vara: Ingen kandidatar til val haust 2018 Vara: Anna Sæbø Nøstbakken (studentrepresentant)
---	--

Saker til handsaming i 2018

Klagenemnda har i 2018 handsama 83 saker. Tre av sakene, som var meldt opp til handsaming i møte 01.08.18, vart utsett til 31.08.18, slik at nemnda i alt har realitetshandsama 80 saker.

Sakene fordelte seg slik:

Sakstype	Tal på saker
Klagesaker	51
Mistanke om fusk	26
Merknad på politiattest	2
Skikkavurdering	1
Totalt	80

Tabell 1 Saker handsama i klagenemnda i 2018

Tabellen under viser fordeling av sakstype og utfall på dei fire fakulteta¹.

Sakstype og utfall fordelt på fakultet	Klagar, medhald*	Klagar, ikkje medhald**	Fusk, annullering	Fusk, annullering og utestenging eit semester	Fusk, annullering og utestenging to semester	Fusk, frifinning	Politiattest	Skikka-sak	Talet på saker per fakultet
FIN		9	5						14
FHS	2	17	1	1					21
FLKI	2	13	5	4	7	1	2	1	35
FØS	1	7			1	1			10
Totalt	5	46	11	5	8	2	2	1	80 +3²

Tabell 2 Sakstype og utfall fordelt på fakultet

*Denne kolumna omfattar òg eit vedtak der klagar fekk delvis medhald i klage på vedtak om annullering og utestenging.

**Denne kolumna omfattar òg 5 klagar på fuskevedtak, kor studentane verken fekk medhald i høgskulen si klagenemnd eller Felles klagenemnd.

Tabellen under viser at det er ei jamn fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar ved det ein skilde fakultet.

¹ FIN=Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, FHS=Fakultet for helse- og sosialvitskap, FLKI=Fakultet for lærarutdanning, kultur- og idrett, FØS=Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

² Tre av sakene som var meldt opp til handsaming i møte 01.08.18 vart utsett til 31.08.18, slik at nemnda i alt har realitetshandsama 80 saker

Fakultet	Prosentvis fordeling av saker mellom fakulteta handsama i klagenemnda i 2018	Prosentvis fordeling av registrerte studentar mellom fakulteta i 2018*
FIN	17 % (14 saker)	20% (3230 studentar)
FHS	26 % (21 saker)	28 % (4490 studentar)
FLKI	44 % (35 saker)	39 % (6360 studentar)
FØS	13 % (10 saker)	13 % (2075 studentar)
Totalt	100 % (80 saker)	100 % (16160 studentar)

Tabell 3 Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar ved det einssilde fakultet.

*Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, Registrerte studentar ved HVL, haust 2018

Korte kommentarar til nokre av sakstypene med døme på saker følgjer under:

KLAGESAKER

Klagenemnda har handsama 51 klagesaker. Etter uhl. § 5-1 (5) er klagenemnda sine vedtak i klagesaker endelege og kan ikkje klagast på. 6 saker som omhandla klage på vedtak om annullering eller annullering og utestenging er medrekna her.

Det totale talet på klagesaker ved høgskulen kan vere mykje høgare enn saker som klagenemnda ved HVL handsamar. Dette skuldast for det første at nokre typar klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klage som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av nasjonal klagenemnd under samordna Opptak. For det andre kan det totale talet på klagesaker ved institusjonen vere høgare enn tala frå klagenemnda, sidan det enkelte vedtaksorganet har mynde til å gjere om sine egne vedtak. Dersom vedtaket vert endra av førsteinstans, går ikkje saka vidare til klagenemnda jf. forvaltningslova § 33, heller ikkje som orienteringssak. Det finst difor inga oversikt over kor mange klagar som er tatt til følgje i førsteinstans.

Tabellen under viser ei oversikt over kva typar klagesaker nemnda har handsama i 2018.

Saksfelt	Tal saker 2018	Medhald	Ikkje medhald
Formelle feil ved eksamen	16	1(delvis)	15
Formelle feil ved praksis	3	1	2
Godskriving (innpass)/Fritak	1	0	1
4. gangs forsøk	5	0	5
Tilrettelegging eksamen	6	1	5
Tap av studierett	5	0	5
Klage på vedtak om annullering/utestenging	6	1 (delvis)	5
Opptak	4	0	4
Andre klagesaker	5	0	5
Tal klagesaker	51	4	47

Tabell 4 Oversikt over klagesaker handsama av klagenemnda i 2018

Klage på formelle feil ved eksamen/prøve

Klagenemnda har i alt handsama 16 klagar på formelle feil ved avvikling av eksamen.

Det går fram av universitets- og høyskoleloven § 5-2 første og andre ledd at:

"Den som har vært oppe til eksamen eller prøve, kan klage over formelle feil innen tre uker etter at han eller hun er eller burde vært kjent med det forhold som begrunner klagen.

Hvis det er begått feil som kan ha hatt betydning for kandidatens prestasjon eller bedømmelsen av denne, skal sensurvedtaket oppheves. Hvis feilen kan rettes opp ved ny sensur av innleverte arbeider, foretas ny sensurering. I motsatt fall holdes ny eksamen eller prøve med nye sensorer."

Ein klagar fekk delvis medhald i klagen. Nemnda gav klagar medhald i at ho skulle få ta ny eksamen i eit emne i inneverande semester. I alle dei andre sakene stadfeste Klagenemnda førsteinstansen sitt vedtak.

Feil i eksamensoppgåve, feil ved gjennomføring av munnleg eksamen og feil ved sensur og klagesensur er tema i dei aller fleste klagane innan dette saksfeltet.

Klage på formelle feil ved praksis

Sensurvedtak ved praksisstudiar kan ikkje klagast på, jf. uhl. § 5-3 (5): «*Bedømmelse av muntlig prestasjon og vurdering av praksisstudier eller lignende som etter sin art ikke lar seg etterprøve, kan ikke påklages*».

I alle dei tre klagesakene vart det gjort gjeldande påstand om formelle feil ved gjennomføring av praksis. Påstanden var at formkrava ved varsling om fare for ikkje bestått praksis ikkje vart følgt og/eller at rettleiinga klagar fekk i praksis ikkje var fagleg adekvat. Ein klagar fekk, under tvil, medhald og fekk tilbod om ny tilrettelagt praksis.

Søknad om å få avlegge eksamen for fjerde gong

Hovudregelen er at ein student ikkje kan framstille seg til eksamen i same emne meir enn tre gonger. I særskilte tilfelle kan høgskulen etter søknad, gje dispensasjon til et fjerde eksamensforsøk, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 9-15. Klagenemnda handsama 5 slike avslag på søknadar. Ingen av klagarane fekk medhald i nemnda.

Opptak

Den nasjonale klagenemnda, under Samordna Opptak, handsamar ikkje klagar som gjeld lokale opptak eller klagar over vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse. Klagar på slike vedtak vert handsama i samsvar med den klageordninga som er etablert ved den enkelte lærestaden, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning (FOR-2017-01-06-13) § 8-1 (2). Det er difor høgskulen si klagenemnd som handsamar slike klagar. Klagenemnda har handsama fire saker som gjaldt klage på avslag om opptak til mastergrad. Klagenemnda stadfesta førsteinstansen (dvs. opptakskontoret) sitt vedtak i alle dei fire sakene.

MISTANKE OM FUSK

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som gjeld mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7. Det er klagerett på vedtak om annullering og/eller

utestenging til Felles klagenemnd. Ifølgje universitets- og høgskulelova skal vedtak om fusk og utestenging registrerast i RUST – Register for utestengte studentar.

Med heimel i uhl. § 4-7 (1) bokstav b. og uhl. § 4-8 (3), kan det reagerast med annullering av eksamen eller prøve, og utestenging med tap av retten til å gå opp til eksamen inntil eitt år. I saker der det vert fatta vedtak om utestenging, fattast det òg vedtak om annullering. Utestengingsvedtak er oppfatta som ein strengare reaksjon som nyttast på toppen av annulleringsvedtak ved behov. Vedtak om annullering og utestenging, vert gjort uavhengig av om prøven eller eksamenen er vurdert til «ikkje bestått» eller stryk ved sensur.

Skuldkravet i fuskesaker er delt i to; den objektive og subjektive sida. Objektiv skuld inneber at vilkåra for utført fuskhandling er oppfylt og bevisst etter dei faktiske tilhøva. Subjektiv skuld inneber at studenten har handla grovt aktaust, eller forsetteleg når han utførte dei faktiske handlingane. For forsøk på fusk er det krav om forsett. Dette betyr at fullbyrda fusk som er aktaust, men ikkje grovt aktaust, ikkje vert ramma av uhl. § 4-7 (1).

Det følgjer av praksis i Felles klagenemnd at hovudregelen er vedtak om annullering av eksamen og utestenging i to semester (inntil 12 månader) i dei fleste tilfelle der det ligg føre forsettleg fusk, medan grov aktløyse i dei fleste tilfelle fører til annullering av eksamen, og utestenging i eitt semester (inntil 6 månader).

Saker om fusk delar seg normalt i to kategoriar. Den eine er fusk i eksamenslokalet der studenten har tilgjengeleg ulovleg hjelpemiddel, som for eksempel ordbok der det er innarbeida notat, kalkulator med ulovlege funksjonar, notat/bøker eller mobiltelefon. Den andre kategorien ved fusk er plagiering under heimeeksamen og/eller obligatoriske innleveringar. Studentane kopierer frå bøker, internettkjelder eller andre medstudentar sine oppgåver utan bruk av sitatteikn og/eller direkte referansar i teksten.

Klagenemnda handsama i 2018 totalt 26 saker knytt til mistanke om fusk.

I 23 av sakene gjaldt mistanke mot studenten plagiat ved anten innlevering av arbeidskrav eller heimeeksamen/bacheloroppgåve/masteroppgåve. Fleire av desse sakene gjaldt mistanke om sjølvplagiat, dvs at student har brukt eigne tidlegare eksamensarbeid utan tilstrekkeleg kjeldetilvising (jf [Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet](#) § 10-2(c)), medan 3 saker vart reist grunna mistanke om bruk av ulovleg hjelpemiddel ved skuleeksamen.

Klagenemnda frifann studentane i to saker. I dei andre sakene vart eksamen/arbeidskrav annullert. Av dei 23 sakene vart 5 av studentane utestengt i eitt semester grunna grovt aktaust fusk, medan 8 studentar vart utestengt i 2 semester på grunn av forsetteleg fusk.

Etter forvaltningslova § 33, skal høgskulen si klagenemnd som førsteinstans vurdere klagen. Dersom vedtaket ikkje vert endra, vert saka sendt vidare til vurdering i Felles klagenemnd. Ved klage på vedtak om annullering og utestenging omgjorde klagenemnda delvis vedtaket. Vedtak om annullering av eksamen vart stadfesta, medan vedtak om utestenging vart omgjort.

Samla sett vart 5 saker sendt over til Felles klagenemnd. I alle desse sakene vart vedtaket frå høgskulen si klagenemnd halde ved lag.

MERKNAD PÅ POLITIATTEST

For studiar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) der det er praksis eller klinisk undervisning, og der studenten slik kan komme i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper er det krav om avgrensa politiattest(barneomsorgsattest) ved opptak, jf. uhl. § 4-9 og politiregisterlova § 39.

Dersom det er ein eller fleire merknader på politiattesten, blir saka fremma for klagenemnda, som avgjer om studenten får delta i praksis og klinisk undervisning eller skal stengast ute frå dette. Eit vedtak om utestenging frå praksis og klinisk undervisning på utdanninga betyr ikkje at studenten tapar studieretten. Likevel er tap av studierett ofte ein konsekvens på grunn av progresjonskrav på utdanninga, og studenten vil ikkje kunne fullføre studiet.

I 2018 har klagenemnda handsama 2 saker om merknad på politiattest. Klagenemnda gav begge studentane høve til å delta i praksis/klinisk undervisning.


SKIKKAVURDERING

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som fell inn under universitets- og høgskulelova § 4-10, utestenging etter skikkavurdering.

Klagenemnda har i 2018 handsama 1 sak og fann at studenten var skikka for det bestemte yrket.

Samanlikning med tidlegare år

Utviklinga i tal på saker handsama i nemnda i perioden 2015-2018 (for 2015 og 2016 er tal frå klagenemndene ved tidlegare Høg, HSH og HiB nytta) ser slik ut:



Figur 1 Utvikling i tal på saker som er handsama av klagenemnda ved HVL i 2017- 2018 fordelt på saksfelt. Tal for 2015 og 2016 er henta frå tidlegare årsmeldingar frå klagenemndene ved HiSF, HSH og HiB. I saker som gjeld fusk er klagar på vedtak om annullering/ utestenging etter uhl. §§ 4-7 til 4-10 inkludert.

Vi ser at talet på saker i Klagenemnda har hatt ein auke kvart år. I 2015 og 2016 handsama dei tre tidlegerare klagenemndene i alt høvesvis 45 og 59 saker, medan talet på saker i 2017 er 71 saker. I 2018 handsama nemnda 80 saker. Ein stor del av fuskesakene i 2015 og 2016 er knytt til eit spesifikt kull ved ein av dei tidlegare høgskulane.

Det høge talet på saker inneber at både sekretariat og nemnda sine medleamar må bruke mykje tid og ressursar på nemndsarbeidet. Sekretariatet har i 2018 bestått av tre sakshandsamarar som alle òg har andre oppgåver i sine stillingar.

Advokatrepresentasjon og salær

Etter lov om universitet og høyskoler § 4-8 (5) har studentar som får reist sak som kan ende med utestenging mot seg rett til advokatbistand for høgskulen si rekning. Det same gjeld i politiattestsaker.

I klagesaker har studenten som hovudregel ikkje rett til å få dekka sakskostnadane sine dersom dei ikkje får medhald i klagen. Dei som får medhald, kan få eventuelle saks Kostnader dekka etter nærare reglar i forvaltningslova § 36.

Samla utgifter til advokatsalær i 2018 var kr 97.969.

Avsluttande merknader frå klagenemnda

Om sjølvplagiat

I 2018 har nemnda særskilt merka seg at fleire studentar som har fått reist sak om mistanke om fusk hevdar at dei ikkje kjenner til regelverk knytt til sjølvplagiat. Nemnda oppmodar høgskulen om å setje i gang naudsynte tiltak som sikrar at studentane får informasjon om aktuelt regelverk knytt til fusk og særleg reglar som gjeld sjølvplagiat.

Orientering om vedtak og tilrådingar i klagenemnda

Klagenemnda gir gjennom vedtaka sine uttrykk for tolking av regelverk og praksis, og i nokre saker generelle fråsegnar om sakshandsaminga i fellesadministrasjonen og fakulteta. Det kan òg gjelde saker der klagar ikkje frå medhald. Sjølv om desse ikkje er bindande for institusjonen, vert det likevel registrert at fråsegnene vert tekne i mot som positive innspel, og har medverka til endring av praksis i høgskulen. Endeleg organisering er no på plass ved høgskulen, og klagenemnda oppmodar om at vedtak og tilrådingar frå nemnda vert kommunisert breitt ut til aktuelle fag- og administrative einingar og slik endrar eller forbetrar praksis på alle campusane.

Digitalisering

Det er i 2017 og 2018 lagt ned eit stort arbeid i å digitalisere arbeidet i nemnda, og målsettinga må vere at nemnda på sikt arbeider heilt papirfritt. I dag vert alle sakspapir sendt ut elektronisk og kryptert. Det er behov for å arbeide vidare for å få på plass eit system for elektronisk signering og utsending av vedtak.

Klagenemnda, februar 2019

(sign.)

Beate Blom

Leiar

(sign.)

Merete Sviggum

For sekretariatet